



# STATENS DYREHELSETILSYN

Fylkesveterinæren for Hordaland, Sogn og Fjordane

Sakshandsamar:  
Sylvi Haugen

Vår dato  
20.05.97  
Dykkar dato  
30.04.97

Vår ref.  
97-00312.002 741.1 SHa/-shA/-  
Dykkar ref.  
582/97 Dok. 5/97

FISKERISJEFEN I HORDALAND  
POSTBOKS 4122  
5023 BRGEN

FISKERISJEFEN I HORDALAND	
ARK.NR.	H/or 2
23 MAI 1997	
SAK NR.	DOK.NR.
582/97	9
U.O.§	63

SØKNAD OM LØYVE TIL MELLOMBELS ETABLERING OG OPPDRETT AV MATFISK AV LAKS OG AURE, SAMDRIFT OG UTVIDING AV KONSESJONSVOLUM

## FJORDFARM AS, Reg. nr. H/or 2

Ein viser til søknad, med vedlegg, oversendt frå Fiskerisjefen 30.04.97.

AdvokatPartner ANS søker i skriv av 11.04.97 på vegner av Fjordfarm AS, om mellombels løyve til utsetjing av fisk på lokalitet Laksevika i Herdlefjorden, Meland kommune. Det vert samstundes søkt om utviding av konsesjonen frå 8.000 m<sup>3</sup> til 12.000 m<sup>3</sup>.

Den omsøkte lokaliteten i Laksevika er opphavleg registrert på Blom Sjøprodukter AS, H/ml 1, for eit oppdrettsvolum på inntil 12.000 m<sup>3</sup>. I april 1996 vart det gjeve mellombels løyve til utviding av volumet på lokaliteten til 24.000 m<sup>3</sup> og samdrift mellom Blom Sjøprodukter AS og Blom Laks AS, H/øn 4. Driftsløynet skal vurderast på ny etter resipientgransking innan juni 1998.

H/ml 1 og H/øn 4 ynskjer å redusera drifta på Laksevika til 6.000 m<sup>3</sup> for kvar konsesjon. Dette vil frigjera 12.000 m<sup>3</sup> som kan nyttast av H/or 2. Dei tre konsesjonane er alle eigd av Jakob Rong.

Dei næraste nabolokalitetane til Laksevika tilhøyrrer Hydro Seafood Mowi AS og ligg på motsett side av Herdlefjorden, ved Berlandsøy og ved Slettevika. Avstanden frå Laksevika til desse er kvar for seg vel 2,5 km og vel 2 km.

Blom Sjøprodukter AS og Blom Laks AS har mellombels samdriftslokalitet ved Kjepevikholmen omlag 4 km lenger nordvest for Laksevika. Det er elles god avstand til anna godkjend oppdrettsverksemd i området.

Fylkesveterinæren kan ikkje sjå at den omsøkte drifta vil føra til større ulemper. Ein har heller ikkje innvendingar til at H/or 2 får utvida konsesjonen frå 8.000 m<sup>3</sup> til 12.000 m<sup>3</sup>.

Ut frå dei opplysningar som ligg føre og ei samla vurdering gjev Fylkesveterinæren Fjordfarm AS løyve til utviding av volum og etablering på lokalitet Laksevika i samdrift med Blom Sjøprodukter AS og Blom Laks AS som omsøkt. Løynet er gjeve ut frå dei krava som er sett i den mellombelse ILA-forskrifta, m.a. utsetjing av smolt etter ein på førehand samordna og godkjend utsetjingsplan for området. Vidare at det skal vera smittehygienisk og geografisk skilje mellom generasjonane. Det er og ein føresetnad at utslakting av fisk og brakklegging av lokalitetane i området vert samordna.

Eit utbrot av meldepliktig sjukdom på lokaliteten medfører at alle dei tre konsesjonane vert ilagd restriksjonar.

I tillegg gjeld fylgjande vilkår som og var gjeve til Blom Laks AS i skriv frå Fylkesveterinæren dagsett 08.12.95 (95-0994.002):

1. All smolt som vert teke inn i anlegget skal ha gyldig «Helse- og opprinnelsesattest for levende laksefisk og rogn av slik fisk», M-0454. Attestane skal oppbevarast på anlegget. Inntak av biologisk materiale utan gyldig attest, kan berre skje etter løyve frå Fylkesveterinæren.
2. Overføring av setjefisk skal skje med transporteiningar godkjend av Fiskeridirektoratets kontrollverk.
3. Smolt som er sett ut på lokaliteten skal ikkje flyttast før slakting utan løyve frå Fylkesveterinæren.
4. Den som får løyvet må rette seg etter dei til kvar tid gjeldande reglar, m.a. krav om journalføring / eigenkontroll, brakklegging og utsett etter samla plan.
5. All smolt skal vere vaksinert med oljebasert trippelvaksine eller tilsvarende vaksine som er dokumentert å gje like god effekt.
6. Anlegget skal ha regelmessig veterinær helsekontroll. Rapportar frå tilsynsveterinær skal oppbevarast.
7. Det må etablerast driftsrutiner som sikrar at personell og utstyr ikkje vert nytta på andre lokalitetar, eller i andre anlegg, utan å ha gjennomgått forskriftsmessig vask og desinfeksjon.
8. Når anlegget er tømt for fisk skal anlegg og utstyr gjennomgå mekanisk reingjering og desinfeksjon, evt. tørking. Lokaliteten skal så ligge brakk ei tid før ny produksjonsperiode. Distriktsveterinæren i Nordhordland fastset brakkleggingstida.
9. Distriktsveterinæren skal informerast når anlegget vert sett i drift, og ellers ved endringar i anlegget eller i drifta.
10. Anlegget skal straks varsle distriktsveterinæren ved mistanke om smittsam sjukdom, auka dødelegheit, driftsuhell eller andre avvik i anlegget.
11. Søknad om eventuell dispensasjon frå desse vilkåra rettast til Fylkesveterinæren.
12. Fylkesveterinæren tek atterhald om endring av vilkår/tilleggsvilkår.

Med heimel i § 7 i "Midlertidig lov om tiltak mot sjukdom hos akvatiske organismer av 22.juni 1990" gjev Fylkesveterinæren for Hordaland, Sogn og Fjordane **Fjordfarm AS v/Jakob Blom, 5348 Rong** løyve til å etablere fiskeoppdrettsanlegg slik som spesifisert nedanfor:

**Type anlegg:** *Matfiskanlegg for laks og aure, merdanlegg i sjø.*

**Lokalitet:** *Laksevika i Meland kommune.  
UTM koordinatar: KN 868 171*

**Storleik:** *Inntil 12.000 m3 samla volum.*  
Samla volum på lokaliteten ved samdrift mellom dei tre konsesjonane må ikkje overstiga 24.000 m3.

Løyvet vert gjeve på dei vilkår Fylkesveterinæren har sett og på vilkår av at føresegnene i ovanfornemnde lov vert fylgde, og at den som har konsesjonen sjølv må bera eventuelle tap av tiltak som vert sett i verk med heimel i denne lova.

Eit eksemplar av lova vert lagt ved \_\_\_\_\_


Vi ber Fiskerisjefen i Hordaland vidareføra dette løyvet i samband med avgjerda med heimel i lov av 14. juni 1985 om oppdrett av fisk, skalldyr m.v..

**Løyvet frå Fylkesveterinæren gjeld ikkje før Fiskerisjefen i Hordaland har gjeve konsesjon for den omsøkte drifta/etableringa.**

Vedtaket frå Fylkesveterinæren kan påklagast innan 3 veker etter at samla avgjerd er motteke frå Fiskerisjefen.

Med helsing

  
Bjørn Thorson

  
Sylvi Haugen

Gjenpart til:

1. Fylkesmannen i Hordaland,  
Miljøvernavingdelinga.
2. Distriktsveterinæren i Nordhordland
3. Kystverket, 2. distr.  
P.b. 466, 5501 Haugesund
4. Fiskeridirektoratet,  
Kontoret for Havbruksforvaltning  
P.b. 185, 5002 Bergen

Vedlegg:

- Midlertidig lov om tiltak ved sjukdom hos akvatiske organismer av 22.juni 1990 nr. 44.
- Mellombels forskrift om sone for å avgrensa og utrydda fiskesjukdomen Infeksiøs lakseanemi (ILA) i Hordaland,Sogn og Fjordane
- Klageskjema